

Riksadvokat Tor-Aksel Busch
Postboks 8002 Dep

0030 Oslo

Oslo, 24.8.2006

Brot på konsesjonsvilkår ved Nye Bruland kraftstasjon i Førde

Norges Naturvernforbund kjenner til at Riksadvokaten skal vurdere å reise tiltale mot Sunnfjord Energi på grunn av ei rekkje dokumenterte brot på konsesjonsvilkåra for Nye Brulandsfoss Kraftstasjon gjennom mange år.

Gjennom konsesjonen og konsesjonsvilkåra set styresmaktene reglar for korleis regulanten kan utnytte eit vassdrag til kraftproduksjon. Det går fram av dokumenta i saka at regulanten i dette tilfelle har brote både dei gamle og dei nyare konsesjonsvilkåra fleire titals gonger. Førde Elveeigarlag har meldt Sunnfjord Energi til politiet tolv gonger på grunn av dokumenterte og regelstridige fall i vassføringa nedanfor kraftstasjonen. Store mengder ungfisk har krepert som følge av desse utfalla. Laksestammen i Jølstra er på grensa til utrydding. Dette er nok eit resultat av fleire negative faktorar gjennom lang tid. Men etter vår oppfatning kan det ikkje vere tvil om at dei mange og brå falla i vassføringa har vore ein viktig grunn til at laksestammen i Jølstra er i ein svært dårleg tilstand. Laksen er ein europeisk ansvarsart for Noreg, og styresmaktene har sett i verk ei rekkje tiltak for å berge dei norske laksestammene. I nasjonal samanheng er hendingane i Brulandsfossen alvorlege regelbrot.

På denne bakgrunnen er det etter vår oppfatning urimeleg at regulanten ustraffa får sleppe unna ei rekkje påvislege regelbrot. I 2004 vart kraftverket utbetra med sikte på å hindre brå fall i vassføringa nedanfor stasjonen. Det er likevel ikkje slutt på utfalla og strandinga av ungfisk som konsekvens av dei. Drifta av kraftverket er altså ikkje i samsvar med reglane. Etter det vi forstår, er utfalla ikkje hendelege uhell som er teknisk uråd å hindre, men eit resultat av manglar ved drifta eller utforminga av kraftverket.

Også av allmennpreventive omsyn er det meir enn urimeleg at ein regulant får halde fram med drifta i strid med gjeldande reglar, og utan konsekvensar. Ein slik praksis kan lett

komme til å svekke respekten for miljølovgevinga. Riksadvokaten har ved fleire høve bedd politiet styrke innsatsen for å hindre miljøkriminalitet.

Ut frå dette bed vi Riksadvokaten gjere om vedtaka hos politiet om å legge regelbrota i Brulandsfossen til sides, og å gje Sunnfjord Energi ei høveleg straff for dei mange lovbrota.

Med helsing

Norges Naturvernforbund

Tore Killingland
generalsekretær